



Tokke kommune
Organisasjon, arkiv og IKT

NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2013/718-9 Olav Bjørn Bakken, 35075669 17.10.2013
olav.b.bakken@tokke.kommune.no

Tokke kommune, fråsegn til høyring av revisjonsdokument for Tokke-Vinjereguleringa

Tokke og Vinje kommunar har samarbeida om å utarbeide ei felles fråsegn til ovannemnde revisjonsdokument. Denne fråsegna er lagt ved dette oversendingsbrevet. I tillegg handsama kvart kommunestyre saka då det er litt ulike problemstillingar i dei to kommunane. Tokke kommunestyre gjorde slikt vedtak i sak 13/069:


Vedtak i Tokke kommunestyre 15.10.2013:

1. Kommunestyret i Tokke sluttar seg til innstillinga frå Kraftutvalet for Tokke og Vinje.
2. Konsesjonæren syner til retningslinene frå OED som seier at det må liggje føre særskilte omsyn før det kan vera aktuelt å påleggje fond og andre økonomiske vilkår i revisjonen. Kommunestyret vil understreke at i den grad vilkårsrevisjonen ikkje fører til ein ynskjeleg miljøstandard, må miljøfond prinsipielt akseptast som kompensasjon. Spesielt når det gjeld Tokke/Vinje-reguleringa vil kommunestyret vise til at det er fleire særskilte omsyn:
 - a. Miljøomsyna var fråverande då hovuddelen av utbygginga blei vedteken og utført. Dei kom langt sterkare inn ved seinare konsesjonar.
 - b. Kommunane blei fråtekne høvet til ny konsesjonshandsaming ved at konsesjonen i 2002 blei omgjort til evigvarande.
 - c. Særskilte tiltaksbehov knyter seg m.a. til vernet av den unike storaurestamma i Bandak.
 - d. Den miljømessige og landskapsestetiske verdien av vassdragsnaturen spelar ei vesentleg viktigare rolle for ålmenta i dag enn på femtitalet.

Om konsesjonsstyresmaktene ynskjer å prioritere kraftproduksjon framfor miljø i form av minstevassføring, er det urimeleg at konsesjonæren skal tene og lokalsamfunnet tapa på ei slik avgjerd. Derfor vil innstillinga frå NVE til OED på dette punktet vera avgjerande for dei krava Tokke kommune stiller i neste høyringsrunde når det gjeld storleiken på eit miljøfond.

2. Tokke kommune fråfell fylgjande tidlegare krav – jf kravdokument vedteke av Tokke kommunestyre 22.juni 2010:
 - a. Krav om terskel ved Hovundløken i Botnedalsvatn.
 - b. Krav om badeplass på Dalen med varmare vatn då denne no er bygd.
 - c. Krav om bru over nåledam ved utløpet av Mosvatn (er også bygd).

Med helsing



Olav Bjørn Bakken
Rådgjevar

Vedlegg:
Innstilling frå Kraftutvalet til Tokke og Vinje kommunar, dagsett 13.09.13